

MØTEPROTOKOLL BARN OG UNGES KOMMUNESTYRE

Møtestad: Kommunestyresalen Hå rådhus
Dato: 06.11.2020
Tidspunkt: Kl 09:00 - 12:15

Deltakarar:

Motland skule	Thomas Stokke Lisa Vigre
Nærø ungdomskule	Arya Maman Rawand Kameran Hassan
Høyland skule	Ole Bekkeheien Elias Fuglestad
Bø skule	Selma Olava Birkeli Martin Versland Bjorland
Ogna skule	Othelia Fuglestad Mathilde Heigrestad
Ogna ungdomsskule	Noah Haugen Beth Hognestad Ueland
Varhaug skule	Ester Odland Elida Ridoma Herigstad
Varhaug ungdomsskule	Jakub Urban Sigurd Skretting
Vigrestad storskule (5-7)	Ane Siqveland Sanne Vold
Vigrestad storskule (8-10)	Mari Vold Johannes Haarr
Tryggheim ungdomsskule	Benjamin Trygve Øgreid-Øie Stine Svendsen

Innkalling: Godkjent
Sakliste: Godkjent
Merknader: Ingen



Barn og unges kommunestyre 2020 (bilete 1)

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/20	Tema: Korleis har korona endra kvardagen til barn og unge?
002/20	Spørsmål til ordføraren BUK 2020
003/20	Fordeling av midler BUK 2020



Frå kommunestyresalen (bilete 2)



Frå kommunestyresalen (bilete 3)

001/20: Tema: Korleis har korona endra kvardagen til barn og unge?

Kommunedirektøren si innstilling:

06.11.2020 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Elevane hadde diskutert på sin heimeskule:

Til diskusjon i skulane

Elevråda på kvar sin skule har i oppgåve å diskutere erfaringa etter nedstenging av skulen sin, og dele desse med dei andre skulane i kommunestyremøtet.

- Korleis opplevdes det sosialt?
- Korleis klarte du deg med heimeskule?
- Kva kunne blitt gjort annleis fra skulen si side?
- Kva var bra?
- Lærte du noko nytt?

Skulane framførte sine innlegg etter tur;

Motland skule ved Thomas Stokke.

Nærbø ungdomskule ved Arya Maman

Høyland skule ved Ole Bekkeheien

Bø skule ved Martin Versland Bjorland og Selma Olava Birkeli

Ogna ungdomsskule og Ogna skule ved Beth Hognestad Ueland, Noah Haugen Othelia Fuglestad og Mathilde Heigrestad

Varhaug skule ved Elida Ridona Herigstad og Ester Odland

Varhaug ungdomsskule ved Jakob Urban

Vigrestad storskule ved Ane Siqveland og Sanne Vold

Tryggheim ungdomsskule ved Benjamin Trygve Øgreid-Øie

Erfaringane var mange og ulike, på lik linje med at kvar og ein elev er seg sjølv.

IT utstyr

Sosialt nettverk

Disponera kvardagen sjølv

Sakna skulen (!)

Lærde meir enn på skulen

Alt i alt: "Dæ gjekk godt"

Skulesjef Rune Roaldsen oppsummerte og framførte sine tankar kring dette temaet.

BUK- 001/20 Vedtak/Tilråding:

Saka tas til orientering.



Frå podiet (bilete 4)

002/20: Spørsmål til ordføraren BUK 2020

Kommunedirektøren si innstilling:

06.11.2020 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Spørsmål til ordføraren frå Tryggheim ungdomsskule:

- Har kommunen moglegheit til å setje opp eit busskur der skulebussen stoppar ved Nærbø ungdomsskule?

Ordførar Jonas Skrettingland (KrF) svara.

Busskur ligg ofte langs FV og då er det fylket sitt ansvar. I dette tilfellet, kommunaleigedom, og ja, då er det mogeleg. Likevel er det spørsmål om pengar til å setja det opp, og vedlikehald.

Skulen (Elevråd) kan gjera ei henvending til Hå kommune, servicetorget, så vil rette avdeling gjera ei vurdering, og kan hende gje eit positivt svar.

- Har kommunen planar om å utbetre hola i asfalten i Tryggheimvegen og Torlandsvegen? Desse hola skapar farlege trafikksituasjonar for syklistar og dei som bruker sparkesykkel.

Varaordførar Svein Høyland (Sp) svara.

Temmeleg trøyttande med slike hol. Eg var borti det i Rosklia her om dagen sjølv òg. Nå er det mange vegar og i nokre av dei er det hol i nå og då. Derfor har Hå kommune laga til ei teneste som heiter Meld feil på kommunen sine nettsider ha.no. Der kan du gå inn og skriva inn kor problemet er, gjerne leggja med eit bilet - og så skal det løysast. Nå er det slik at eine av desse vegane er ein fylkesveg, men då vert spørsmålet sendt vidare til ansvarlege der. Meld feil-tenesten kan òg brukast til gatelys som ikkje verkar osv. Med andre ord; gje eit vink, så reknar eg med det ikkje er så lange halten før det er i orden. At innbyggjarane involverer seg i smått og stort er som oftast ein fordel; òg i slike ting. Det er ikkje fyse for kommunen å veta om alle hola i vegane for eksempel.

Spørsmål til ordføraren frå på Bø skule:

- Må me begynne å ha på munnbind på skulen?

Varaordførar Svein Høyland (Sp) svara

Eg trur eg ganske sikkert kan svara at nei, de treng ikkje ha munnbind på skulen. Men når det gjeld slike ting, så er det verken eg som politikar, rådmannen eller rektor som avgjer kva som skal gjerast. Slikt vert vedteke etter klare råd frå nasjonale myndigheter i samarbeid med kommunelegen. Å ha munnbind på heile dagane vil vera ubehageleg, og så lenge de er delte inn i grupper, held avstand og har god handhygiene, så vil det ikkje vera nødvendig. Einaste må vera at det kan koma pålegg på kollektivtransport - altså buss og tog, særleg vil det vera aktuelt på Jærbanen på dei heftigaste morgen- og ettermiddagstoga. Det kan òg vera snakk om at det kan verta aktuelt for dei som tek buss til skulen, men så vidt eg kjenner til har det ikkje vore drøfta så langt.

- Korona: kva er best beskyttelse, antibak, såpe eller munnbind?

Varaordførar Svein Høyland (Sp) svara

Beste beskyttelse er å vaska hendene etter alle forskrifter. Sjå på plakatane. Anitbac er nest best, men kan gjerne brukast i tillegg. Munnbind vil vera mest effektivt i område der mange - som ikkje tilhører same gjeng - er samla. For eksempel på buss, tog og andre offentlege plassar der folk er tett samla. På skulane vil det vera meir effektivt med avgrensing av kor me er og kven me er i lag med.

- Kva går pengane som kommunen har til, og kor mykje er det for eit år?

Kommunedirektøren Anne Berit Berge Ims svara

Det går mest pengar til lønn til tilsette i kommunen.

Bygging av skular, barnehagar, veg og anna. Må låne pengar og av den grunn må kommunen betala renteutgifter.

Spørsmål til ordføraren frå på Motland skule:

- Kvifor er det så stor skilnad på uteområdet til skulane? For eksempel har Bø betre og fleire uteleiker enn Motland. Motland sine uteleiker er mest betalt av diskotekpengar.

Skulesjef Rune Roaldsen svara

Det var ikkje sett av pengar til uteområde på skulane som var bygde for ein del år sidan. Når ein nå byggjer nye skular, så blir det sett av pengar til uteområdet.

- Korleis får Hå kommune inntekter?

Ordførar Jonas Skrettingland (KrF) svara

Hå kommune får si inntekt gjennom inntektsskatt frå innbyggjarane, skatteutjamningsmidler, rammetilskudd frå Staten, komunale avgifter og tilskudd til spesielle tiltak.

- Kvifor har Varhaug rådhuset når Nærbo er størst?

Ordførar Jonas Skrettingland (KrF) svara

3 kommunar blei slått saman og Varhaug i midten. Det er mykje mindre forskjell i størrelse då det vart bestemt. Var den gong grunn til stor uenighet, men kommunestyret gjorde vedtak og det betyr mindre nå i dag.

- Kvifor vert ventilasjonen på skulen skrudd av om natta? Det har blitt dårlegare luft i klasseromma.

Varaordførar Svein Høyland (Sp) svara

Å halda gang på ventilasjonsanlegga krev mykje energi, altså straum. Det er heftige motorar som surrar for å få lufta rundt i store offentlege bygg som skular. Derfor er det eit poeng å skrua dei av om ettermiddagen, slik at me unngår å bruka meir straum enn nødvendig. Dersom det er dårleg luft i klasseromma kan det skuldast vedlikehald av anlegga, eller så kan de kanskje høyra om det kan skruast på noko tidlegare om morgonen. Ta det opp i elevrådet på Motland, så trur eg de kan få eit godt svar på om det vil ha noko føre seg

Spørsmål til ordføraren frå Varhaug skule:

- I fjor hadde vi ein sak med hjertesona der vi sende inn noen forslag får og gjøre skoleveien tryggere som og stenge Eikevegen får all trafikk utenom til eiendom i skuletida så me lurt på om dokk har tenkt og gjøre noko med dei forslaga

Ordførar Jonas Skrettingland (KrF) svara

Det er ingen plan om å stenga Eikevegen. Men det ligg inne i ein ny plan om noko endringar i vegstruktur kring skulevegen.

- Varm mat i kantina? Me lurer på om det er mogleg og få varm mat i kantina for elevane i Hå. Det er nemleg veldig mange som har lyst på varm mat til lunch og vi trur at dette kan bidra til og øke motivasjonen til og gå på skulen på få bedre konsentrasjon.

Varaordførar Svein Høyland (Sp) svara

Her kan eg verkeleg vera politikar. For dette er ei skikkeleg politisk sak. For Senterpartiet har det å få til kantiner på skulane vore ei veldig viktig sak. De gjekk i si tid i bresjen på Varhaug, og me har fleire gode løysingar der midler på skulane vert brukt for å drifta kantiner rundt om i Hå, med ei viss foreldrebetaling. Dette er gjort delvis gjennom prioriteringer og føringar me folkevalde har lagt. Me syns at det er viktig med gode matvanar for elevane i landbrukskommunen Hå. Og kantinene på skulen er eit av dei viktigaste verkemidla for å lukkast med det.

Dermed er de ganske heldig stilte i Hå. Men - me vil gjerne meir. For Senterpartiet, og her må eg òg ta med Arbeidarpartiet med på laget, er eitt punkt som er snakka høgt om varm skulemat. Dette er ei sak som i så fall vil koma opp sentralt - for det er eit stort økonomisk løft - og det kan fort vera ei viktig sak i forhandlingar om regjeringssamarbeid om desse partia vinn etter neste val.

Altså; me tek signalet. Det er ikkje utenkeleg at eg sjølv vil ta det opp på Fylkesårsmøte i Senterpartiet; for dette er ei god sak!

- Det er mange små bygder i Hå men bare 2 har svømmebasseng så me lurt på om det er moglig og få svømmebasseng på Varhaug for og forbedre svømmeundervisningen. Det tar nemlig land tid når alle på Varhaug må ta bussen til Vigrestad og det gjør at vi får korte svømme timer.

Ordførar Jonas Skrettingland (KrF) svara

Kunne vera ønskeleg med tanke på både undervisning og fritid men er et spørsmål om pengar. Det er i tillegg svært dyrt å både byggja og driva, og me reiser forholdsvis lett mellom bygdene i dag.

Andre ting er viktigare så som skule i Stokkelandsmarka og bygg som barnevernet, legar, helsetilbud på Nærø (Sambrukshuset)

- Turnhall. Vi lurt også på om det var mogligt og få ein turnhall på Varhaug fordi det er ingen turn haller i Hå og etterspørslan etter turnhall blant barn og unge er stor. Er det noko kommunen kan arbeide med framover?

Varaordførar Svein Høyland (Sp) svara

Turnhall i Hå er ein god idé. Det er ein flott aktivitet som treffer mange barn og unge. Nå er det slik at i Hå er det idrettslag som byggjer, eig og driftar idrettshallar. Ei slik løysing er super, for eg er ganske sikker på at om kommunen hadde hatt ansvar hadde me ikkje klart å prioritera så fantastiske anlegg som me finn på Nærø, Varhaug, Vigrest og Ogsa. Derfor vil ikkje kommunen byggja turnhall. Men det vil fort eit idrettslag. Eg snakka med ein kar som er aktiv i Varhaug idrettslag, og ideane om å laga ein turnhall/aktivitetshall er levande. Utan at noko er lova, så veit me kva Varhaug idrettslag har fått til før, så svaret er at det langt frå er utenkeleg at ein turnhall av eitt eller anna slag kjem på Varhaug. Og om ikkje kommunen byggjer, er eg ganske sikkert på at me vil heia på eit slikt initiativ.

Spørsmål til ordføraren frå Vigrestad storskule:

- I friminutta på storskulen kjeder elevane seg svært mykje. Dette er blant anna på grunn av mangel på kjekke leikeapparat ute i skulegarden. Det har vore snakk om å oppgradere uteområdet på Vigrestad Storskule i fleire år. I fjor vart det blant anna lovnader om nye leikeapparat. Dette gjeld: Street

woukout leikeapparat, Spacenett leikeapparat og ein pumptrack-bane i samarbeid med Vigrestad Sykkkelklubb. Korleis er ståa her? Kan elevane forventa at noko snart blir gjort i skulegarden, slik at dei har noko å gjera i friminutta?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara

Avsett penger til uteområdet på skulen og søke om tippemidler. Idrettsrådet har ei liste over prioritering frå lag og organisasjonar.

Og ja, dette har teke for lang tid med å få på plass det som allereie var tenkt.

Spørsmål til ordføraren frå på Varhaug ungdomskule:

- Kjem det rema 1000 til varhaug?

Ordførar Jonas Skrettingland (KrF) svara

Kommunen bestemmer ikkje kva butikkar som skal vera på Varhaug. Butikkar som trur at dei kan tena pengar vil etablera seg.

Kommunen bestemmer kor det skal vera ulike bygg: hus, blokker, butikkar, fabrikkar og dyrka mark gjennom sentrumsplanlegging.

- Kan me få ei ballbinge til på skulen vår? Korleis må me eventuelt gå fram for å få det til?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara

Ballbinge. Noko er sett av i budsjettet og så kan ein søka om spelemidler. Elevrådet blir oppfordra til å "purre" til skulen at nå må dette kome på plass.

- Har kommunen tenkt til å stramme inn på smittegrepa både på skulane, men også generelt i kommunen, nå som smitten er aukande i området?

Kommunedirektøren Anne Berit Berge Ims svara

Hå kommune har på dette tidspunkt ingen planar om å stenga ned skular og barnehagar. Hå kommune heldt seg til dei nasjonale retningslinjene.

BUK- 002/20 Vedtak/Tilråding:

Saka vert teke til orientering.

003/20: Fordeling av midler BUK 2020

Kommunedirektøren si innstilling:

06.11.2020 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Fordeling av midler BUK 2020 med 3 alternative forslag:

Forslag 1 - Fordelast til ungdomsklubbane

Forslag 2 - Fotokonkurransen

Forslag 3 - Fordelast likt mellom alle skulane

Ved røysting fekk forslag 2 - fotokonkurransen ingen røyster.

Ved røysting mellom forslag 1 og 3 fekk forslag 1, 8 røyster mot forslag 3 som fekk 14 røyster.

BUK- 003/20 Vedtak/Tilråding:

60 000 kroner blir likt fordelt mellom skulane